



Møteprotokoll

Utval: Levekårsutvalet
Møtestad: Rådhuset, Ørstafjord
Dato: 19.03.2026
Tid: Kl. 13.00 - 16.00

Frammøtte

Karen Høydal
Johan Bertel Vartdal
Monica Westrum
Kipperberg
Stian B. Nytn
Sven Castberg

Representerer

Ap
FRP
FRP

H
H

Funksjon

leiar
medlem
medlem

medlem
nestleiar

Forfall

Marthe Drabløslid Hjelle
Hogne Sveinung Barstad

Representerer

Ap
FRP

SP
SV

Varamedlem

Cindy Helen
Hoddevik

Erling Taftesund

Representerer

FRP

V

Andre som møtte

Kari Flø. Konst. kommunedirektør
Inger Johanne Ertesvåg Løeng, konsulent i politisk sekretariat
Hjørdis Almelid Vikenes, leiar, råd for likestilling av funksjonshemma.
Astrid Sørensen Garshol, områdesjef Sunnmøre Sør og Midt.
Tormod Slåttelid, sjåfør og verneombod
Per Are Sørheim, ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 10/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/7220
PS 11/26	Orienteringar	26/7220
PS 12/26	Referatsaker	26/7220
PS 13/26	Ny generell del av rammeplanen for kulturskulen	26/7159
PS 14/26	Vurdering av auka grunnbemanning ved institusjonsdrifta i Helse, omsorg og velferd	26/7196
PS 15/26	Konsekvensutgreiing i høve gjennomføring a: Reduksjon av 1,5 årsverk ved felleskjøkken vedtak	
PS 16/26	Parkering - område legesenteret, Vallamarka	

Ørsta, 19.03.2026

Karen Høydal
Leiar

PS 10/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga vart godkjent utan merknad

Saklista vart godkjent utan merknad, m/sak 15/26, og 16/26.

Behandling:

Blir sett som sak - orienteringssak 1/26, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet

LKU sitt arbeidsutval forslår å sette Orienteringssak 1/26 Konsekvensutgreiing i høve gjennomføring av vedtak: Reduksjon av 1.5 årsverk ved felleskjøkkenet som sak

Referatsak 6/26 til saklista, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet

LKU sitt arbeidsutval foreslår å sette Referatsak 6/26 Parkering - område legesenteret Vallamarka som sak.

Bestilling av sak om elevmiljøet, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet

Forslag frå LKU sitt arbeidsutval:

LKU ber om ei sak om elevmiljøet på Velle skule og ungdomsskulen generelt, og korleis elevar med utfordringar frå 1. klassa blir følgt opp og av kven.

Innkallinga vart godkjent utan merknad

Leiar foreslo å sette OS 1 som sak i møtet, sak 15/26
og RS 6/26 som sak i møtet, sak 16/26

Arbeidsutvalet bestiller sak til neste møtet.

Saklista vart godkjent utan merknad, m/sak 15/26 og 16/26

Skrive under protokollen:

Sven Castberg (H) og Johan Bertel Vartdal (FrP) vart valde til å skrive under saman med leiar.

PS 11/26 Orienteringar

Vedtak:

Orienteringane vart tekne til vitende

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Konsekvensutgreiing i høve gjennomføring av vedtak: Reduksjon av 1,5 årsverk ved felleskjøkkenet
02/26	Organisering av psykisk helsetilbod for barn og unge i Ørsta kommune

Behandling:

Film om CRPD vart vist i tidleg i møtet.

Slutten av møtet:

Dialog om utforming av bussar (universell utforming) i tettstadar og andre reisemål;
Hjørdis Almelid Vikenes. leiar for RFF orienterte
Frå VY:

Astrid Sørensen Garshol, Områdesjef Sunnmøre Sør og Midt og Tormod Slåttelid, sjåfør
/verneombod orienterte og svarte på spørsmål.

Per Are Sørheim, ordførar takka for at dei tok seg tid til å kome og oppsummerte.

Etterpå vart utvalet invitert til ein parkert buss på busslomma ved rådhuset, der ein fekk
orientering og demonstrert heisa"

PS 12/26 Referatsaker

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til vitende

RS 11/26 Før behovsmelding for 2027 blir sendt, så bør eit styrka samarbeid med
Husbanken drøftast.

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
06/26	Parkering - området legesenteret, Vallamarka
07/26	Tema dag - Bu trygt heime - Ørsta 16.04.2026
08/26	Årsmelding PPT 2025
09/26	Folkehelseprofil Ørsta kommune
10/26	Kan miste bussløyve - Vestland fylkeskommune
11/26	Behovsmelding 2026 for Ørsta kommune

Behandling:

Referatsakene vart tekne til vitende

Pål Einar Brekke, konst. kommunalsjef OKI orienterte RS 08/26

RS 11/26 Kommentar frå LKU sitt arbeidsutval: Før behovsmelding for 2027 blir sendt, så
bør eit styrka samarbeid med Husbanken drøftast.

PS 13/26 Ny generell del av rammeplanen for kulturskulen

Vedtak:

Levekårsutvalet vedtek at ny generell del av rammeplanen for kulturskulen slik den ligg føre.
Levekårsutvalet vedtek ny generell del av «Rammeplan for kulturskolen – *kulturskole for alle*»
vert innført, og skal leggest til grunn for vidare drift og utvikling av kulturskulen.

Behandling:

Hans Robert Bondhus, rektor kulturskolen orienterte

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Levekårsutvalet vedtek at ny generell del av rammeplanen for kulturskolen slik den ligg føre. Levekårsutvalet vedtek ny generell del av «Rammeplan for kulturskolen – *kulturskole for alle*» vert innført, og skal leggest til grunn for vidare drift og utvikling av kulturskolen.

PS 14/26 Vurdering av auka grunnbemanning ved institusjonsdrifta i Helse, omsorg og velferd

Vedtak:

Kommunestyret tek vurderinga av grunnbemanninga ved institusjonsdrifta til orientering, og ber kommunedirektøren:

1. arbeide vidare med ei heilskapleg og berekraftig bemanningsløyising for institusjonstenestene, med fokus på turnusstruktur, helgebemanning, arbeidsflyt og ansvarsfordeling,
2. styrke samhandlinga mellom tildeling, heimeteneste og institusjon for å sikre betre pasientflyt og redusere ressurslekkasje
3. vidare arbeid i Sjustjernenettverket for å etablere samanliknbare bemanningsdata og hente erfaringar frå kommunar med liknande drift
- Gjennomføre brukarundersøking i heimebasert omsorg som grunnlag for tenestene (punkt 2)
- Levekårsutvalet ber om status ved å endre 15 sjukeheimsplassar til bufellesskap, og i tillegg legge ned bruk at romma for 4-5 sjukeheimsplassar (status - vedtak i LKU, mai 2025)
- Samarbeidet i sjustjernenettverket – strategi for brukarmedverknad må bli tydeleg

Behandling:

Tilleggspunkt , foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet

LKU si arbeidsgruppe - forslag:

- Gjennomføre brukarundersøking i heimebasert omsorg som grunnlag for tenestene (punkt 2)
- Levekårsutvalet ber om status ved å endre 15 sjukeheimsplassar til bufellesskap, og i tillegg legge ned bruk at romma for 4-5 sjukeheimsplassar (status - vedtak i LKU, mai 2025)
- Samarbeidet i sjustjernenettverket – strategi for brukarmedverknad må bli tydeleg

Kari Flø, konst. kommunedirektør svarte på spørsmål.

Voting nr 1 - Voting over forslagForslag: **Opprinnelig forslag****For:** 7 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, V 1**Mot:** 0 stemmer (0%)**Voting nr 2 - Voting over forslag**Forslag: **Tilleggspunkt**

Karen Høydal (Ap)

For: 7 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, V 1**Mot:** 0 stemmer (0%)**Kommunedirektøren si tilråding:**

Kommunestyret tek vurderinga av grunnbemanninga ved institusjonsdrifta til orientering, og ber kommunedirektøren:

1. arbeide vidare med ei heilskapleg og berekraftig bemanningsløyising for institusjonstenestene, med fokus på turnusstruktur, helgebemanning, arbeidsflyt og ansvarsfordeling,
2. styrke samhandlinga mellom tildeling, heimeteneste og institusjon for å sikre betre pasientflyt og redusere ressurslekkasje
3. vidare arbeid i Sjustjernenettverket for å etablere samanliknbare bemanningsdata og hente erfaringar frå kommunar med liknande drift

**PS 15/26 Konsekvensutgreiing i høve gjennomføring av vedtak:
Reduksjon av 1,5 årsverk ved felleskjøkkenet****Vedtak:**

- Før saka blir lagt fram for kommunestyret, så skal den sendast til brukar- og pårørandegruppa (eine) for innspel. Fleire pårørande bidreg ved måltida med frivillig arbeid, og har ei oppfatning av korleis tenestene blir levert og samarbeidet kan styrkast.
- Levekårsutvalet ber om å få ei evaluering av tiltaket om eitt år.

Oversendingsframlegg:

Tenestene skal dreie meir til forebyggande tiltak. Kosthald og mat forebygge underernæring (studiar viser at 60% av sjukeheimspasientar er underernært og i risikogrupper), og helsesvikt som kan medføre fall og behov for ytterlege teneste. Individuelle vurderingar og oppfølging bør ikkje svekkast.

LKU stiller spørsmål ved om flytting av oppgåver frå kjøkkenpersonell og til helsepersonell vil forebygge/ redusere sjukmeldingsbehovet og gi reell innsparing? I tillegg, om det kan få konsekvensar for rekruttering til fagstillingane?

Frå heimelaga produksjon og til meir innkjøp av ferdigmat, kan det medføre til at ein flyttar kostnader til dyrare innkjøp? Tiltaka i vurderingane viser ikkje økonomiske konsekvensar.

Behandling:**Forslag frå LKU, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet****LKU sitt Arbeidsutvalet, forslag til vedtak:**

- Før saka blir lagt fram for kommunestyret, så skal den sendast til brukar- og pårørandegruppa (eine) for innspel. Fleire pårørande bidreg ved måltida med frivillig arbeid, og har ei oppfatning av korleis tenestene blir levert og samarbeidet kan styrkast.
- Levekårsutvalet ber om å få ei evaluering av tiltaket om eitt år.

Kommentarar til konsekvensvurderingane:

Tenestene skal dreie meir til forebyggjande tiltak. Kosthald og mat forebygge underernæring (studier viser at 60% av sjukeheimspasientar er underernært og i risikogrupper), og helsesvikt som kan medføre fall og behov for ytterlege teneste. Individuelle vurderingar og oppfølging bør ikkje svekkast.

LKU stiller spørsmål ved om flytting av oppgåver frå kjøkkenpersonell og til helsepersonell vil forebygge/redusere sjukmeldingsbehovet og gi reell innsparing? I tillegg, om det kan få konsekvensar for rekruttering til fagstillingane?

Frå heimelaga produksjon og til meir innkjøp av ferdigmat, kan det medføre til at ein flyttar kostnader til dyrare innkjøp? Tiltaka i vurderingane viser ikkje økonomiske konsekvensar.

Kari Flø, konst. kommunedirektør orienterte kort.

«Kommentarar til konsekvensvurderingane» vart gjort om til oversendingsframlegg

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Forslag frå LKU**

Karen Høydal (Ap)

For: 6 stemmer (86%) - Ap 1, FRP 3, H 2

Mot: 1 stemme (14%) - V 1

Stemmer:

Erling Taftesund (V)

PS 16/26 Parkering - område legesenteret, Vallamarka

Vedtak:

LKU ber om vedtaket i sak 1/25 blir følgd opp, og at LKU får ei snarleg tilbakemelding på kva som skal til for at areal ved løa kan bli bruk til parkering igjen, og at parkeringsplassar for rørslehemma blir skilta nær inngangen

Behandling:

Oppfølging av sak, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet

I møte 6. februar 2025, sak 1/25, så bestilte LKU ei sak om parkeringsforholda ved Bakk-Ola-marka (som har konsekvensar for legesenteret og Vallamarka). Vedtaket er ikkje blitt følgd opp.

LKU sitt arbeidsutval forslår: LKU ber om vedtaket i sak 1/25 blir følgd opp, og at LKU får ei snarleg tilbakemelding på kva som skal til for at areal ved løa kan bli bruk til parkering igjen, og at parkeringsplassar for rørslehemma blir skilta nær inngangen

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Oppfølging av sak 1/25 frå møtet 6. februar 2025**

Karen Høydal (Ap)

For: 7 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)